

# LABORATORIEPRØVAR I HEIMEN

Denne artikkelen omhandlar betre kvalitet på tilbodet til pasientar som har vanskar med å komme til legekontoret for prøvetaking.

*Av Marit Steinsund*

*Laboratoriekonsulent Noklus Sogn og Fjordane og prosjektkoordinator i Noklus  
Prosjekt for kvalitetssikring av laboratorievirksomhet i hjemmetjenesten*

Pasientar vert utskrivne frå sjukehus etter kortare tid enn før samhandlingsreforma , og vi vert stadig fleire eldre. Dette stiller nye krav til primærhelsetenesta, og kommunane må ha tilpassa kompetanse og ressursar for å ivareta innbyggjarane på ein god måte.

Mange ynskjer å få bu heime så lenge som råd. Og kommunane kan gje tilrettelagt tilbod i omsorgsbustadar før institusjonsplass/sjukeheimsopphald. I heimen og i omsorgsbustaden er det fastlegen som har den medisinske oppfølginga, og pasientar må helst møte på legekontoret til kontroll og prøvetaking. Men vi veit at det å komme seg til fastlegekontoret kan vere ei stor påkjennung for dei sjukaste. Mange treng tett oppfølging med blodprøvetaking, og det opplevast som eit gode når prøvetakinga kan skje i bustaden. Då er det ofte tilsette i heimetenesta som tek prøvane.

Laboratorietilbodet til heimebuande er prøvetaking, eventuell pasientnær analysering og/eller transport av prøvar. Ei kartlegging Noklus gjorde i tre fylke 2014, viste at tilnærma alle heimetenester i desse fylka utfører laboratoriearbeit. Dette grunngjenvart med at det er rimelegare for samfunnet og betre for pasienten enn kostnaden og påkjenningsmed å reise til prøvetakingsstad. Men skal det vere til beste for pasient og samfunn, må prøvetaking, eventuell analysering og/eller prøvetransport vere korrekt utført.

**God opplæring er ein føresetnad for god analysekvalitet og sikre prøvesvar. Skal heimetenesta utføre**

## *laboratoriearbeit, bør dette vere del av opplæringsplanen for dei tilsette.*

Noklus ser at ein suksessfaktor er avklart ansvar og god dialog mellom fastlegekontor og heimeteneste. Mange heimetenester har eit godt og tett samarbeid med fastlegekontoret, andre seier dei gjerne vil ha meir tilbakemelding og rettleiing når dei skal ta eller levere prøvar.

Dette bør vere dokumentert i avtale mellom fastlegekontor og heimeteneste/kommune:

- 1) Rutinar for rekvirering; kven som kan bestemme at prøve skal takast,
- 2) Repertoar; kva laboratoriearbeit skal heimetenesta utføre , og
- 3) Rutinar for svarrapportering

Samhandlingsreforma har tilført heimetenesta endå fleire oppgåver, og laboratoriearbeit er berre ein liten del av alt tilsette i heimetenesta utfører. Alt helsepersonell er underlagt krav om å oppdre fagleg forsvarleg i tenesta. Laboratoriefag er generelt ikkje med i grunnutdanninga til dei tilsette i heimetenesta. Kartlegginga Noklus gjorde i 2014 viste at laboratoriearbeit berre unntaksvis er med i opplæringsplan. Det som er aktuelt for heimetenesta å utføre, er heilt enkel prøvetaking og analysering; slik som «berre» eit stikk i armen, «berre» eit stikk i fingeren eller «berre» å dyppe ein strimmel i urinprøve. Eller «berre» å ta med ein prøve som leverast på legekontoret. Erfaring viser at mykje kan bli feil, det «enkle» ikkje er så enkelt likevel. Og feil ved prøvetaking, analysering eller oppbevaring kan fort få svært negative konsekvensar for pasienten.



Helsefagarbeidar Åshild B. Søreide i heimetenesta område Høyanger sørsida måler blodsukker. Foto: Monica Dåvøy

I 2014 starta Noklus, i samarbeid med Helsedirektoratet, eit pilotprosjekt i tre fylke. Frå januar 2016 blei dette vidareført som Noklus Prosjekt for kvalitetssikring av laboratorievirksomhet i hjemmetjenesten. Målet er at laboratoriearbeitet som utførast i heimetenesta skal ha god kvalitet. Statlege midlar dekkar kostnad i to år for nye heimetenester som vil delta i Noklus. Avhengig av midlar i kommande statsbudsjett, vil heimetenester i resten av landet gradvis komme med i prosjektet.

Noklus laboratoriekonsulenter held lokale grunnkurs i kommunane, tilpassa det laboratoriearbeitet kvar heimeteneste utfører. I etterkant av kurs kjem vi på rettleiingsbesøk. Der heimetenesta er

samlokalisert med og har nært samarbeid med sjukeheim, kan heimetenesta og sjukeheimen få felles oppfølging frå Noklus.

Deltakarar får prosedyrar for laboratoriearbeitet, tilsendt kvalitetskontrollmateriale og tilgang til e-læringskurs som kan vere del av kompetanseplan. Dei som utfører prøveanalysering, får råd om kva instrument som er eigna og opplæring i rutinar for å dokumentere analysekvalitet. I prosjektet har kurs og oppfølgingsbesøk hos heimetenestene avdekkja eit stort behov for opplæring, prosedyrar og kvalitetssikringsrutinar. Lokale kurs har blitt svært godt mottatt, og tilbakemelding er at det er både kjekt og nyttig med opplæring for alle profesjonar.

Lenke til prosjektomtale: [http://www.noklus.no/  
Kursogveileding/Hjemmetjeneste-prosjektet.aspx](http://www.noklus.no/Kursogveileding/Hjemmetjeneste-prosjektet.aspx)



## Kurs og kompetanseheving for helsepersonell

Akuttvurdering av pasienter på telefon  
3 timer

Sårbehandlingskurs  
3 timer

System X-kurs  
2 kvelder

DIPS-kurs  
2 kvelder

Laboratoriekurs  
7 kvelder

Venøs blodprøvetaking  
2 kvelder

Engelsk terminologi i skranke og på telefon  
3 timer

Rettskriving og tegnsetting for journalskriving  
3 timer

Interessert i å melde deg på kurs eller å vite mer?  
Ta kontakt med oss på:

Tlfon: 22 99 94 94  
Epost: [post@cefalon.no](mailto:post@cefalon.no)  
[www.cefalon.no](http://www.cefalon.no)